

## Referat frå møte i Samarbeidsutvalet (SU) ved Landro skule

Tidspunkt:	<b>Tysdag 10.03.26 kl. 17:30-19:30</b>	Stad:	<b>Landro skule</b>
<b>Desse var kalla inn:</b>			
Anita Bowitz	Foreldrerådet, leiar FAU		
Emilie Lyssand Molland	Foreldrerådet, nestleiar FAU		
Beate Heggernes	Undervisningspersonalet		
Fredrik Øvstedal	Undervisningspersonalet		
Monica H. Sæle	Andre tilsette		
Morten Snekkevik	Kommunal representant, politisk		
Anita Vabø	Kommunal representant, rektor		
Sak nr.			
<b>12-25/26</b>	<b>Ressurssituasjon skuleåret 2026-2027</b>		
	<p>Skulen har motteke foreløpig ressurstildeling for neste skuleår. Tildelinga er ikkje tilstrekkeleg med tanke på behova våre og forsvarleg drift. Rektor og skulen er i prosessar rundt dette. Om ikkje tildelinga blir auka og samsvarar med dei reelle behova våre, kan det bli aktuelt at rådsorgan må kople seg på.</p> <p>I Levekårsutvalet 04.03.26 informerte kommunalsjef Oppvekst om ressurstildeling skule 2026/2027. Kommunestyret har vedteke innsparingar på i overkant av 20 millionar i skulesektoren for 2026, noko som utgjer mellom 35-40 årsverk.</p> <p>I Kommunestyremøte 22.01.26 kom Krf-representant med innlegg/spørsmål knytt til konkrete planar for utviding av forsterka tilbod/plassar for elevar med store tilretteleggingsbehov i Øygardsskulen. Representanten hadde tal på at i Bergen kommune er det 1100 innbyggjarar pr. forsterka elevplass, medan i Øygarden kommune er det 3300 innbyggjarar pr. forsterka elevplass. Det kom ikkje fram at det er nokon plan for utviding av dette tilbodet på</p>		

	<p>barnetrinnet. Fleire av representantane i SU skal delta på møte i kommunalt Foreldreutval i nær framtid. Det kan bli aktuelt å løfte inn denne saka.</p>
<p><b>13-25/26</b> <b>(7-25/26)</b></p>	<p><b>Oppdatering prosjekt «Snill e Kult»</b></p> <p>05.03. deltok elevrådskontakt og elevrådsrepresentantane våre på kick off-arrangement for prosjektet. Dei har fått god informasjon om haldningskampanjen, og Elevrådet vil jobbe vidare med konkrete gjeremål og aktivitetar på vår skule. Før påske vil det bli delt ut T-skjorter til 5.-7. trinn. Ein «Snill e Kult-avtale» vil det også bli jobba med i tida som kjem.</p> <p>Målet med haldningskampanjen/prosjektet er å redusere utanforskap og mobbing/nettmobbing på skulen og i fritida.</p>
<p><b>14-25/26</b> <b>(10-25/26)</b></p>	<p><b>Oppdatering besteforeldre i skulen</b></p> <p>FAU har no kartlagt kor mange besteforeldre som ønskjer å delta i prosjektet. Det er til no 6 stykk som har meldt si interesse. Det er flott, men vi har plass til fleire, så vi sender ut ei påminning i Vigilo når vi har avtalt dato for informasjonsmøte.</p> <p>Vi ser fram til å prøve ut dette prosjektet over påske.</p>
<p><b>15-25/26</b></p>	<p><b>Fotografering</b></p> <p>På neste møte vil vi vurdere om vi skal endre avtale med fotograf neste skuleår. Dei siste åra har vi brukt Reimers som fotograf, og vi har hatt fotografering berre for 1. og 7. trinn.</p> <p>Spørsmålet som er spelt inn frå FAU er om vi skal utvide, og ha fotografering for alle trinn igjen? Vi hentar inn pristilbod til neste møte og gjer vurderingar ut frå det.</p>
<p><b>16-25/26</b></p>	<p><b>Helsefremmande skule</b></p> <p>SU diskuterte om Landro skule skal bli med i satsinga Helsefremmande skule, som er ei satsing retta mot barneskulane i Øygarden kommune. Ressursgruppa til Helsefremmande skule består av ernæringsrådgjevar i Friskliv og meistring, helsesjukepleiar i skulehelsetenesta og fysioterapeutar. Satsinga skal gi auka kompetanse hos elevar, føresette og tilsette ved skulen på samanhengen mellom fysisk aktivitet, smart mat og helse.</p> <p>Til neste møte innhentar skulen litt meir informasjon om satsinga, og gjer ei vurdering av kor omfattande dette arbeidet er. Vi har til ei kvar tid fokus på ulike satsingsområde, og må vurdere omfang og kapasitet før vi eventuelt startar med nye prosjekt.</p>

**17-25/26**

**Deltaking i Kreftforeninga sin skulestafett 2026**

Skulen har forslag om at vi som ein del av felles sommaravslutning i juni deltek i skulestafett, som er ein del av Kreftforeninga sin Stafett for livet. Etter sommarkonserten blir det løpebane, heiarop, musikk og god stemning på parkeringsplassen. Stafetten skal ikkje vere ein konkurranse, men vi går saman og med kvarandre for å vise støtte til dei som blir ramma. SU er positive til forslaget, og meir informasjon kjem etter kvart.

*Referent:  
Anita Vabø  
Rektor*